

Årsmelding IL Valder 2018



Hovedstyret har dette driftsåret bestått av:

- Torfinn Vingen (Styreleder),
- Birger Honningsvåg,
- Steinar Severinsen (Sportslig koordinator)
- Fride Skjong Valderhaug og Maria Skjong Valderhaug (Fair Play)

I hovedstyret møtte i tillegg gruppelederane:

- Toivo Nilsen (fotball),
- Karina Wiulsrød (håndball),
- Torgeir Folland (friidrett),
- Ingrid Dyb -Sandnes (barneidrett).

Samt Daglig leder frå 1. august 2018 Jeanette Giske Hjelle som har deltatt på alle møter sidan oppstart i august.

Møteplan/ utførte møter hovedstyret 2018:

17.01.2018
08.03.2018
12.04.2018
06.06.2018
22.08.2018
26.09.2018
07.11.2018
12.12.2018

Breiddeklubb med auke i aktive medlemmer.

Idrettslaget Valder har lange tradisjoner som ein breiddeklubb med gode team rundt laga og mykje god frivilleg arbeid i gruppene og i elles i klubben. Ein kultur og ein tradisjon vi kan vere stolt over, og som vi som idrettslag har store ønsker om å videreføre også i framtida.

Medlemsmassen er aukande også i 2018. Medlemmer registrert i min idrett er rundt 700 ved utgangen av 2018. Stort antall av våre unge utøvere driv fleire idretter i klubben, noko vi som breiddeklubb sett svært høgt.

IL.Valder hadde totalt 280 aktive fotballspillere i 2018 fordelt på 29 lag frå 10 år til senior.

Hele 16 lag i aldersgruppen 10 år – senior er en økning fra 15 i sesongen 2017/18

Barneidrett med ca 200 deltakere, friidrettsgruppe med ca. 40 aktive.

Med alle desse aktive i klubben , og alle desse laga som er har vi svært mange vaksne i og rundt gruppene som gjer ein fantastisk jobb!

Det er gledeleg at vi har klart å oppretthalde seniorlag for både herre og damer i handball og fotball. Dette gjer at våre unge utøvere har lokalt nokon å sjå opp til.

Det vart i 2017 oppretta eit lavterskeltilbud til vaksne som vil trene. Dette er fortsatt populært og dei trener variert på Valdervoll, i styrkerommet på hallen og rundt på Valderøya.

Fair Play



IL Valder har arbeidd aktivt med Fair-play i fleire år. Det er egne Fairplay ansvarlege i hovudstyret, som ilag med egne representantar i handball og fotballgruppa, utgjer eit Fair Play utval i IL.Valder. Det er frå tidlegare utarbeida og oppdatert Fairplay-permar til lagleiarar i fotball og håndball, med omfattende materiell til bruk i alle grupper. Dette er eit langsiktig arbeid med tanke på å skape forankring til Fair-play, større positivt engasjement hos foreldre, sikre rekruttering og bygge klubben

sitt omdømme. Under arrangementa har Fair Play-vert vore ein del av faste vakter på hall-arrangementa, her har fotballen litt å hente i arrangementa på Valdervoll. Sjølv om mange av laga har gjort ein strålende innsats på FP bør vi jobbe enda meir med FP framover også.

Utvalet har laga nokre videoar som ligg på Youtube , dette er frå skulearrangementet «Fargerik fotball», samt i forhold til seriestart i fotballen vår 2018.Dette er med fotballen sin Fair Playansvarleg Jannicke Farstad i spissen. Det er ein tidkrevjande jobb med klipping, så ho rakk ikkje å blir ferdig med ein til handballen, men ho har starta å filme på diverse arrangement som har vore i hallen.



Administrasjon:

I februar 2018 var det skrevet under kontrakt for DL i klubben i 100% stilling. Jeanette Giske Hjelle starter 1. august 2018.

Dagleg leiar har arbeid med følgende:

- Daglig drift av laget – medlemsregister - post etc.
- Kontaktpunkt i klubben.
- Sponsorkontakter, Valdervoll – reklameplass
- Oppfølging av sponsoravtalene, laga sponsorpakker skreddersydd til passende pakker for bedrifter.
- Kontakt med sponsorer.
- Søkt midler i forskjellige fond.
- Medlemsregistrering / opprydding.
- Bankforbindelse - Sparebanken Møre mht gjennomgang av kontoer og rutiner
- Rutinegjennomgang inn/utbetalinger
- Kontakt mot kommune – idrettskrets og samarbeidspartnarar.
- Open hall
- Kulturdagen på Giske. Laga stand og flyers om IL.Valder.
- Deltakelse i ulike gruppestyrer samt div. anna forefallande som media-omtale, annonser etc.
- Delteke i komiteen som arrangerer Diskotek og quiz på klubbhuset.
- Vore på ein del kurs gjennom Møre og Romsdal idrettskrets.
- Satt i gang igjen arbeidet med klubbhuset. Spesielt for å få godkjent 3.etg.
- Blitt involvert og kjent med fotballgruppa som Kvalitetsklubb.
- Deltatt på alle hovudstyremøta og vore referent.

Dagleg leiar har i 2018 vore med i nettverk for daglege leiarar i omegn, noko som har vore veldig nyttig og lærerikt.

På det økonomiske planet har Ole Martin Sæter bistått uvurderelig for å få endane til å møtast i administrasjonen.

Vi trur at gruppene kan lære meir av kvarandre og lage meir felles måter å gjere ting på. Ikkje alt bør vere likt men svært mykje kan vere det. Bruker vi dei beste løysingane tener sjølvstakt alle på det.

Utstyrsavtalen Umbro og Rongve

I oktober vart det signert ny og forbetra utstyrsavtale for klubben med Umbro og Rongve. Det var nedsatt ei gruppe haust 2018 med dagleg leiar, representant frå fotballen og handballen som gjorde ei grundig vurdering dei tok med til hovudstyret. Puma og Macron var andre leverandørar av utstyr som dei hadde møte og kontraktsforslag frå. Men til tross for gode tilbod frå dei var Umbro den beste, så

hovudstyret si avgjerse var å fortsette med Umbro og Rongve, men i ei mykje forbetra økonomisk ramme enn tidlegare. Avtalen er på 3 år med 2 års opsjon.


Verdier og Visjon

Vi har kanskje Norges beste Visjon for idrettslag. Men svært få har eit forhold til våre verdier som er bygd opp rundt namnet Valder. Det var gjort eit godt arbeid i 2017, og i årsmøtet i 2018 blei dei nye verdiane valde:

SAMHOLD OG GLEDE

Ser vi tilbake på dei siste åra så trur vi det er svært viktig at vi har jobber SAMAN om felles satsingsområder. IL Valder vert stadig en større klubb, her er mykje aktivitet, mange frivillige som personar med verv som gjer ein framifrå jobb i klubben. Gruppene har gjort ein stor innsats når det gjeld kvaliteten i arbeidet, kompetanseutvikling, og struktur og retninglinjer innanfor drift av klubben må fornyast og forbeholdt. Felles strategier, mål og handlingsplaner ein god måte å gjere Valderøya til ein betre plass å bo. Dette er eit arbeid en må prioritere


Strategiske prioriteringer for IL Valder 2018 ->



Arbeidet i 2018 vart litt annerledes enn ein hadde tenkt seg ved årsslutt 2017. Det vart skifte av styreleder, fleire nye styremedlemmer og i kombinasjon med ny dagleg leiar frå august 2018, så vart det lagt ned en del arbeid i og finne ut av roller, rutiner, kva som var gjeldande med tanke på styringssystemer m.m.. Det positive er at ein no er i gang med å arbeide ut klubbhandbok, ulike rutiner og styringsdokument innan fleire områder, deriblant profilering, kommunikasjon, bruk av klubbhus m.m. Ein vil i løpet av 2019 arbeide i saman med gruppene for å få ein endeleg utforming på dette.

I forbindelse med Hessacup i august gjekk det eit mindre steinsprang som lagde noko midre skade på friidrettsbanen på Valdervoll. Som en konsekvens av dette grunnet sikkerhet på anlegget, så vart anlegget stengt umiddelbart. Ut i fra arbeid gjort på høsten i samarbeid med Giske kommune så er foreløpige vurderinger at der er fare for nye ras, og at rassikringsarbeid må utførast og godkjennast før området kan bli tatt i bruk. Dette er ein pågåande prosess, og det er framleis uvisst når ein får åpna anlegget igjen.

Organisasjonskart IL Valder 2018:



Støttegruppe / bekymringsmeldinger:

Med bakgrunn i saker som dukker opp i media og som eit forebyggande tiltak etablerte vi støttegruppe for ILV to år sidan. Denne er publisert på heimesida vår og skal vere opplysning om kontaktpunkt om ulykker eller uheldige situasjoner skulle oppstå. Med i gruppa var Vi har også oppdatert heimesida med informasjon om korleis ein kan rapportere bekymringsmeldingar. Der bruker vi no aktivt Norges idrettsforbund sine retningslinjer som gjelder for alle medlemmer i norsk idrett mot seksuell trakassering, om markedsføring, dugnad, alkohol, tobakk, databehandling, lege og sanitet.. Disse blir oppdatert løpande.

Alvorlige saker skal meldast til Daglig Leder / Styreleder som loggfører disse (konfidensiell behandling).


Medlemskontingent:

IL Valder er ein medlemsbasert organisasjon. Basisen for å kunne delta i aktivitet er medlemskap i IL Valder (og Norges Idrettsforbund). Og det er hovedlagets årsmøte som kan opprette eller nedlegge grupper og bestemme medlemskontingent. Sidan mange er med på fleire aktiviteter er medlemskontingent fakturert separat etter barneidretten.

Etter at kontingenten vart auka i 2016 frå 100/200 til 200/400 har vi hatt ei auke i inntektene. Men som forventa er det nokre færre familiemedlemmer og

støttemedlemmer. Vi skal no over på elektronisk medlemsregistrering og gruppene er godt i gang. Dette vil krevje ein del fokus for å gjennomføre.

KONTIGENTER 2018



Økonomi:

Til tross for store investeringer har IL Valder hatt sunn økonomi. Dette skuldast først og fremst veldig godt arbeid i alle grupper. I tillegg har vi gode sponsorar. Det er all grunn til å nemne det langsiktige samarbeidet vi har med Sparebanken Møre. Dette gir oss mykje både i pengar, tjenester og gaver i form av drakter o.l. og her blei også en ny og forbedret avtale signert i 2018. Også utstyrsavtalen med B. Rongve/ Umbro har vore langsiktig og har gitt gruppene god tilgang på idrettsutstyr. Ny og forbedret avtale er også her signert i 2018.

Utviklingsfondet med hovedsakelig pengar frå overgangen Henrik Bjørdal til Brighton har eigen styringsgruppe i fotballen og skal brukast til sportslige utviklingstiltak. Når det gjelder detaljer om klubbens økonomi viser vi til regnskapet. Styret anser no at klubben har god økonomistyring og rutiner, men at en treng og arbeide ytterlegare med innarbeiding av regnskapssystemet.

Største utfordringa har vore å få i gang inntektene på klubbhuset. Dette har nok litt samanheng med ferdigstillingen av huset og mulighetene vi har hatt for utleige. Det ble avholdt nokre arrangementer på klubbhuset i 2018, men en må jobbe vidare med dette også i 2019. Alternativt må vi sjå på andre modeller for inntekter til drift av huset.

Administrative kostnader i klubben er noko høgare i 2019 enn i 2018, og det blir viktig for klubben og få til en økning på inntektssiden generelt sett for å kunne gå ut i balanse i 2019.

IL Valder gjekk ut med eit lite mindreforbruk i 2018.



Vil nytte anledninga til å gi honnør til flott innsats frå kassererane i gruppene. Og også til Ole Martin Sæter for igjen å sy saman årregnskapet.

Økonomimodell

Denne har vore gjennomgått av ei gruppe beståande av gruppeleiarane (Toivo Nilsen, Anders Kjørnås, Annette Lyngjem og Jens Peter Fylling), Ole Martin Sæter og Trond Austnes i 2017. 2018 ble første heledriftsåret med denne modellen. Valder skal evaluere denne i løpet av 2019, med tanke på budsjett 2020.

Erfaringa med modellen så langt er at den er berekraftig, inkluderande, omforent og open med tanke på korleis en tenker delinga skal vere. Med felles regnskapssystem meiner vi også at det blir betre oversikt og mindre ressurskrevande å halde oversikt og føre regnskapet. Valder har litt og gå på med tanke på regnskapsføringa innan enkelte grupper, men jamt over er det blitt mykje betre.

Stor breidde i aktivitetsnivået

IL Valder har i mange år hatt frivillige som har stått på over år. Gjennom 2018 er det nedlagt et stort arbeid i alle grupper. I tillegg til den ordinære aktiviteten i gruppene har Valder ein del store aktivitetar som bør nemnast og gir klubben gode inntekter:

- Jentebølgen
- Valderløpet
- Hessacup – samarbeidspartner
- Barneidrettsaktiviteter – turneringer både innendørs og utendørs
- Grasrotandelen
- Friidrett-, handball- og fotballskuler
- Tine stafett på Valdervoll og på Aksla
- Fargerik fotball med 5-7 klasse
- Seniorgruppe
- Fjelltrimmen/ Stikkut med Trimgruppa.
- 4 Åpen Hall i idrettshallen/ barneskolen
- Innkjøp av utstyr/ arrangering av diskotek på Valdervoll. Diskotekutstyr innkjøpt av midler fra Marine Harvest.

Samarbeidspartnere og sponsorer:

IL Valder har aldri hatt større sponsorinntekter enn i 2018. Spesielt vil vi takke Sparebanken Møre, Tafjordkonsernet og Eurospar Valderøy og Europris.

Vi takker også Giske kommune ved kulturkontoret for godt samarbeid.

Visjon:

«IL Valder skal gjere Valderøya til ein betre plass å bu».

IL Valder skal vere ein inkluderande breiddeklubb som jobber etter Fair-play-prinsippa.

På årsmøtet i 2018 ble nye verdier for IL Valder vedtatt.

De nye verdiene er:

SAMHALD OG GLEDE



Styret vil benytte sjansen til å takke alle tillitsvalgte, foreldre og aktive for innsatsen i driftsåret. Vi veit det står mange oppgaver og venter, men saman skal vi halde IL Valder som den viktigste aktøren innan frivillig arbeid i Giske kommune.

Høgdepunkt for Valder 2018

- Økning i antall medlemmer frå 2017 til 2018
 - Spesielt handball og barneidrett opplever stor økning i aktive
- Ansettelse av daglig leder i 100% stilling
- Valderløpet, DNB Akslaleikane, Valderleikane (Valderleikane blei flytta til Aksla grunnet stengt friidrettsanlegg på Valdervoll)
- Fotballen arrangerte Eat Move Sleep miniturnering på Valdervoll. Ble en våt men positiv opplevelse.
- Håndballen stilte med rekord mange lag på Trondheims cup, og i tillegg til gode sportslige prestasjoner så var det en positiv opplevelse for både spillere trenere og lokalt tilreisende publikum.
- Håndballen har fått til enda større aktivitet og god stemning/ oppmøte rundt avvikling av seriekampene i hallen.
- Medarrangør av 17.mai på Valderøy Barneskule.
- Tilbudet til dei aktive blir bedre og bedre!
- Og viktigast av alt, gode opplevelser kvar dag!

Valderøya, 06. mars 2019.

Hovedstyret i IL Valder

Torfinn Vingen (Hovedstyrets leder), Steinar Severinsen, Birger Honningsvåg, Maria Skjong Valderhaug og Fride Skjong Valderhaug.